




Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG


Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 58/151 - Lygre Indre - fritidsbustad - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 13.04.21. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i *kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra*, og dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona etter pbl § 1-8, for oppføring av fritidsbustad.



Situasjonskart



3D animasjon - tomt på toppen av høgda

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet



til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Tomta der ein ønskjer å oppføre ein fritidsbustad ligg eksponert til oppå ei høgde. Eksponert mot fjorden og Indre farlei. Sjølv om fritidsbustaden skal førast opp på eit plan med flatt tak vil den vere godt synleg i terrenget. Ein fritidsbustad her vil også privatisere området. I dag er området ikkje privatisert. Etter det vi kan sjå har området verdi for allment friluftsliv, som ei mindre høgde med utsyn mot sjø.

Statsforvaltaren si vurdering er at både omsyn til landskap og tilgjengelegheit vert råka ved oppføring av fritidsbustad på denne eigedomen. Dette er omsyn som gjer seg gjeldande, både i LNF-formålet generelt og i strandsona. Statsforvaltaren rår difor ifrå dispensasjon i denne saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Statsforvaltaren for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN